

# STUDIEPLAN

---

## Ernæring – bachelor

180 studiepoeng

Studiestad Tromsø

Studieplanen er godkjent av styret ved det helsevitenskapelige fakultetet den 09. mars 2016. Opptakskravet er revidert høsten 2018.

Namn på studieprogram	Bokmål: Ernæring - bachelor Nynorsk: Ernæring - bachelor Engelsk: Nutrition - bachelor
Oppnådd grad	Bachelor i ernæring
Målgruppe	Personar som vil ha ei grunnleggjande utdanning innanfor ernæringsfeltet, og vil jobba med ernæring, særleg i nordområda. Etter bachelorgraden kan ein studera vidare og bli klinisk ernæringsfysiolog etter mastergrad og autorisasjon, dersom ein oppfyller MEROD krava.
Opptakskrav	For å få opptak på bachelorprogrammet må ein ha generell studiekompetanse eller realkompetanse, og i tillegg Matematikk R1/S1+S2 og Fysikk 1 + Kjemi 1+2 (etter Kunnskapsløftet) eller 2MX/2MZ+3MZ og 2FY + 2KJ+3KJ (etter Reform 94).
Politiattest	Søkjarar som får tilbod om plass på studiet må leggja fram gyldig politiattest, jfr. Forskrift om opptak til høgere utdanning ( <i>Kapittel 6 Politiattest ved opptak til høgere utdanning (Kunnskapsdepartementet, 12.5.2015), sjå <a href="#">her</a>.</i> ). Politiattesten inneheld opplysningar om personen er oppført i politiregistra.
Faglig innhold og beskrivelse av studiet	<p><b>Bakgrunn</b></p> <p>Eit kosthald som gir optimal ernæring og er i samsvar med kulturelle preferansar og menneskeleg verdigheit er ein menneskerett.<sup>1</sup> Ugunstig kosthald er blant dei faktorane som bidreg mest til tapte leveår i Noreg.<sup>2</sup> Potensialet for førebyggjande ernæringsarbeid både blant friske personar og personar med sjukdom er såleis stort. Det har i lengre tid vore mangel på kliniske ernæringsfysiologar, særleg utanfor det sentrale austlandsområdet. Samtidig meiner mange mykje om kosthald, og slett ikkje alle har vitskapleg bakgrunn for det dei seier.</p> <p>Bachelorstudiet i ernæring skal gi studentane ei kunnskapsbasert utdanning i førebyggjande ernæringsarbeid. Dette trengst fordi vi ser ein auke i kostrelaterte tilstandar som overvekt, diabetes og kreft, og har ei aldrande befolkning. For mange studentar vil det vera naturleg å studera vidare og bli klinisk ernæringsfysiolog. Dei jobbar ofte i sjukehus, men nyare stortingsmeldingar har også lagt vekt på at vi treng kunnskapsbasert folkehelsearbeid og meir førebygging i heile helse- og omsorgstenesta<sup>3,4</sup>.</p> <p><b>Profil</b></p> <p>Ernæringsstudiet i Tromsø er prega av <b>samhandling</b> – studiet byggjer på fagmiljø ved fleire institutt, og har ein tydeleg tverrfagleg profil. Studentane arbeider saman med studentar i andre helse- og realfag i starten av studiet. Slik kan dei</p>

<sup>1</sup> Artikkel 11 i Den internasjonale konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Komitéen for økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter (1999): Generell kommentar 12 om retten til fullgod mat.

<sup>2</sup> <http://www.fhi.no/tema/helse-i-norge/sykdomsbyrde>

<sup>3</sup> St.meld. nr. 47 (2008-2009): Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid.

<sup>4</sup> Meld. St. 34 (2012-2013). Folkehelsemeldingen. God helse – felles ansvar

førebu seg på ein arbeidssituasjon med samarbeid med andre helseprofesjonar i sjukehus/helseføretak, kommunar eller i andre stillingar. Studiet kjenneteiknast av tidleg pasientkontakt og vekt på profesjonell kompetanseoppbygging med kommunikasjon og etikk.

Studiet gir eit **heilskapleg perspektiv** - mat og ernæring har mange roller: næringsmiddel, identitetsmarkør, handelsvare, sjukdomshemmar eller –fremjar og nytingsmiddel. Dette kjem mellom anna fram i spørsmål om mattryggleik. Samspelet mellom ernæring, fysisk aktivitet og vekt er viktig for folkehelsa, og eit samarbeid med Idrettshøgskolen i nord (Fakultet for idrett, reiseliv og sosialfag) er planlagt.

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) har eit spesielt ansvar for å rekruttera helsepersonell til Nord-Noreg og ta opp nordnorske problemstillingar. På UiT finst det fleire framifrå forskingsgrupper, mellom anna i ernæringsepidemiologi. Dette vil vera med og sørgja for at studentane får **forskningsbasert undervisning**, høve til utveksling, og kan gå vidare med masterprosjekt som både kvalifiserer til arbeid som klinisk ernæringsfysiolog, og til ein forskarkarriere.

### Studiestruktur

Bachelorstudiet er eit fulltidsstudium på campus Tromsø. Studiet er bygd opp av mindre emne av ulik storleik (sjå tabell i neste punkt). Studiet startar med ein introduksjon til ernæring. I dei første tre semestera er ein del av undervisninga felles med studentar i biomedisin og realfag, og noko av undervisninga felles med studentar i medisin og odontologi. Alle emna er i utgangspunktet obligatoriske, men det er mogleg å reisa på utveksling i fjerde semester.

Alle emna bortsett frå bacheloroppgåva har obligatoriske arbeidskrav som må vera oppfylte/godkjente før ein kan ta eksamen. I [emneomtalane](#) og ved starten av kvart emne får studentane ei liste over arbeidskrava for emnet. Desse må vera oppfylte (godkjende) for at studenten skal få gå opp til eksamen. Mange av arbeidskrava får ein oppfylt gjennom deltaking i den obligatoriske undervisninga. Arbeidskrav kan vera deltaking i gruppeundervisning, opptak av kostanamnese/journalnotat, gjennomføring av prosedyrar, innlevering av skriftlege oppgåver, utføring av kostregistrering og næringsutrekningar, gjennomføring av delemneprøve, munnlege presentasjonar, utplassering i praksis og liknande. For nokre av desse arbeidskrava vil det vera naudsynt å dokumentera at undervisninga er gjennomført i form av underskrifter, eventuelt elektronisk registrering. Det vil vera nokre dagar praksis kvart semester, dette er også obligatorisk.

### Innhald i studiet

#### Gjennomgåande tema

To tema går igjen gjennom heile studiet, profesjonell kompetanse i ernæring (PROFERN) og vitenskapleg kompetanse i ernæring (VITERN). Dette er ikkje sjølvstendige emne, men dei er innvevde i dei andre emna. For å gjera det klart at

dette er viktige tema har dei likevel eigne omtalar etter mønster av emneomtalar. Undervisninga i VITERN skal frå første stund øva studentane i å ha ein systematisk, kunnskapsbasert tankegang, driva kritisk analyse av informasjon, og venna seg til livslang læring. Dette temaet vil også vera med og førebu studentane til forskingsaktivitet.

PROFERN skal gi ein tidleg smak på arbeidet med pasientar, og vera eit forum for å diskutera og reflektera over kliniske og etiske problemstillingar som dukkar opp i løpet av utdanninga og praksisen. Delar av undervisninga i profesjonell kompetanseutvikling går føre seg i mentorgrupper. Her vil spørsmål om mellom anna kommunikasjon, etikk, kultur, samhandling og teknologi bli tekne opp.

#### Første studieåret

Studiet startar med eit emne om ernæring, individ og samfunn. Der blir sentrale perspektiv for heile bachelorprogrammet presenterte, og det tverrfaglege ved studiet blir illustrert ved at eit aktuelt ernæringsproblem blir presentert frå ulike faggreiner. Dei første vekene av dette emnet er felles med studentar i medisin og odontologi. Etter kvart blir både ernæringspolitikk, matsystem og statistikk presentert og diskutert. Samstundes går ein i gang med eit felleskurs for alle helsefagstudentane, som både skal bidra til ei felles profesjonsforståing og vera studieførebuande. Examen philosophicum er også lagt til dette semesteret. Studentane får alt første semesteret kontakt med pasientar gjennom praksisbesøk hos klinisk ernæringsfysiolog og på sjukeheim. I andre semesteret tar studentane celle- og molekylærbiologi saman med studentar i biomedisin og realfag, og eit eige emne i humanfysiologi som også inneheld ein dag praksis.

#### Andre studieåret

Andre studieåret går studentane delvis saman med studentane i odontologi og medisin i eit emne om vitskaplege metodar, statistikk, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og kunnskapshandtering. Ernæringsstudentane får i tillegg gjennomgang av ein del ernæringsspesifikke problemstillingar, og skal gjennomføra ei prosjektoppgåve i samband med Nutrition day. Dette semesteret tar studentane også biokjemi saman med biomedisinstudentane, og eit nytt fysiologiemne. Fjerde semesteret er det høve for utveksling, og det kan koma studentar inn, difor er undervisninga på engelsk. Dette semesteret har det siste fysiologiemnet, og eit stort emne som går grundig gjennom makro- og mikronæringsstoff. Også i andre studieåret er det nokre dagar praksis.

#### Tredje studieåret

Tredje studieåret er retta meir inn mot sjølvstendig arbeid (bacheloroppgåva) og praksis (hospitering og PROFERN). Dette studieåret har meir fokus på kliniske problemstillingar, med to emne om ernæring, helse og sjukdom, men det er også eit emne om matvarekunnskap og matvaretryggleik. I hospiteringsperioden skal studentane også arbeida med idear til bacheloroppgåva. Oppgåva er det siste emnet i studiet, og har eit omfang på ti studiepoeng. Det gjer at det i dei aller fleste tilfella vil vera naturleg å gjera den som ein litteraturstudie.

Tabell:  
oppbygging av  
studieprogram

1.	ERN-1000 10 studiepoeng Ernæring, individ og samfunn <sup>1</sup>		V
semester	HEL-0700 10 studiepoeng Felleskurs Helsefakultetet	P	I

	(haust)	FIL-0700 10 studiepoeng Examen philosophicum		R O F E R N	T E R N	
	2. semester (vår)	MBI-1001 20 studiepoeng Celle- og molekylærbiologi				
		ERN-2000 10 studiepoeng Humanfysiologi del 1				
	3. semester (haust)	MBI-2001 10 studiepoeng Biokjemi				
		ERN-2001 15 studiepoeng Metode i ernæringsepidemiologi og kosthaldsforskning <sup>2</sup>				
		ERN-2002 5 stp Humanfysiologi del 2				
	4. semester (vår)	ERN-2003 5 stp Humanfysiologi del 3	ERN-2004 25 stp Ernæring, makro- og mikronæringsstoff			
	5. semester (haust)	ERN-2005 10 studiepoeng Matvarekunnskap og matvaretryggleik				
		ERN-2006 20 studiepoeng Ernæring, helse og sjukdom 1				
	6. semester (vår)	ERN-2007 5 studiepoeng Hospitering	ERN-2008 15 studiepoeng Ernæring, helse og sjukdom 2			ERN-2025 10 studiepoeng Bacheloroppgåve
	<sup>1</sup> Her inngår starten av delemne 1.2 frå MED-1501, og statistikk tilsvarende delemne 1.3 som førebuing til ERN-2001 <sup>2</sup> Her inngår delemne 2.1 VITEN frå MED-2501 (felles med medisin og odontologi) Profesjonell kompetanse (PROFERN) og vitenskapleg kompetanse (VITERN) i ernæring er langsgående tema i alle semestera.					
Læringsutbyttebeskrivelse	Etter bestått studieprogram har kandidaten følgande læringsutbytte: <b>Kunnskapar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>god innsikt i grunnlaget for kunnskapsbasert ernæringsvitenskap og behovet for kontinuerleg fagleg oppdatering</li> <li>kan forklara korleis fordøyingsystemet er bygd opp, korleis næringsstoff blir omsett og bidreg til regulering av appetitt og vekt</li> <li>kan gjera greie for tilrådde næringsstoffinntak og kosthaldsråd for ulike grupper av friske personar, og korleis inntaket av mat og næringsstoff er assosiert med dei store folkesjukdomane</li> <li>kan tileigna seg ny kunnskap innanfor ernæringsfeltet, og vurdere vitenskapleg informasjon</li> <li>har kunnskap om kva for profesjonar, organisasjonar og etatar som driv ernæringsarbeid, og sentrale dokument som styrer ernæringsarbeidet</li> </ul>					

	<p><b>Ferdigheiter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan evaluera ernæringsstatus på bakgrunn av kostregistreringar, biokjemiske prøver og/eller antropometriske mål</li> <li>• kan gi kosthaldsråd til friske personar for førebygging av dei store folkesjukdomane</li> <li>• er kritisk til eiga rolle som rådgjevar, både på individ og samfunnsnivå, og evnar å ta i mot tilbakemeldingar eller ny kunnskap som tilseier at tidlegare praksis må endrast</li> <li>• kan finna fram og bruka relevant fagstoff</li> <li>• kan bruka relevante vitenskaplege og analytiske metodar innanfor klinisk ernæring, ernæringsepidemiologi, ernæringsbiologi og kosthaldsforskning</li> <li>• kan kommunisera med pasientar/klientar både enkeltvis og i grupper</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan reflektera over etiske spørsmål rundt ernærings situasjonen, og rundt yrkes- og forskningsetiske spørsmål</li> <li>• kan analysere enkle ernæringsrelevante problemstillingar og gjennomføra prosjekt</li> <li>• kan arbeida både sjølvstendig og saman med andre helseprofesjonar, presentera data skriftleg og munnleg overfor ulike målgrupper, og delta i debattar på fagområdet</li> </ul>
<p>Studiets relevans</p>	<p>Bachelor i ernæring gir eit godt tverrfagleg grunnlag som kan nyttast i fleire ulike verksemdar. Ein kan til dømes få jobb innanfor førebyggjande helsearbeid, helseadministrasjon, i pasientorganisasjonar, opplysningskontor, helse-/trenings-/frisklivssenter, eller i næringsmiddelbedrifter og andre stader i privat sektor.</p> <p>Etter fullført bachelorstudium i ernæring er studentane kvalifiserte for å søkja om vidare studium, til dømes på mastergradsprogram i klinisk ernæring som kan koma til å gi autorisasjon som klinisk ernæringsfysiolog, men også andre mastergradsprogram ved UiT eller andre stader, til dømes master i folkehelse ved UiT. Masterstudiet i klinisk ernæring ved UiT vil vera lukka og ha 15 studieplassar. Kliniske ernæringsfysiologar arbeider på sjukehus, i primærhelsetenesta, med førebyggjande helsearbeid, forskning og utdanning, og i privat sektor.</p>
<p>Arbeidsomfang og læringsaktiviteter</p>	<p>Forventa arbeidsomfang for eitt studieår er 1500-1800 arbeidstimar. Det vil seia at for å nå læringsmåla må studentane forventa å arbeida 40 timar i veka med studiane, inkludert førelesingar, seminar og sjølvstudium.</p> <p><b>Undervisnings-, lærings- og arbeidsformer</b></p> <p>Programmet har varierte undervisnings-, lærings- og arbeidsformer, og legg vekt på at studentane både skal kunna jobba godt i grupper og sjølvstendig. Vi legg vekt på studentaktive læringsformer.</p>



**Sjølvsstudium:** Det blir forventa at studentane driv aktivt sjølvsstudium i tillegg til den timeplanfesta undervisninga.

**Førelesing:** Førelesingane blir som hovudregel nytta til å gi ein introduksjon, oversyn eller samanfating. Dei vil difor vanlegvis ikkje ta opp alle detaljar, og førelesingane dekkjer ikkje læringsutbytta åleine.

**Casegrupper:** Casebasert læring (CBL) har ingen eintydig definisjon, men "case" er her definert som eit scenario der studenten møter ulike problemstillingar gjennom sjukehistorier på individ eller gruppenivå. Casane kan også ha meir førebyggjande eller politiske problemstillingar. Casen integrerer basalfag, samfunnsernæring/-samfunnsmedisinske fag og kliniske fag, og oppgåvene krev difor både teoretisk kunnskap, praktiske og kommunikative ferdigheiter, og innsikt i etiske utfordringar. Casar har ulik oppbygging, men det vanlegaste vil vera at dei har ei sjukehistorie som utviklar seg, og ein får presentert nye problemstillingar som ein må ta stilling til undervegs. Nokre av problemstillingane krev at studentane skal drøfta, analysa og resonnera for å koma fram til svaret, mens andre problemstillingar berre krev konkrete faktasvar.

CBL går føre seg i grupper kor ein arbeider systematisk med caseoppgåvene og problemstillingane som høyrer til. Gruppene kan bli leidde av stipendiatar, studentar på høgare kull, vitskapleg tilsette eller dei kan vera sjølvstendige. Casegruppeundervisninga er stort sett obligatorisk. Samansetjinga av gruppene blir endra med visse mellomrom for å gi rom for variasjonar i gruppedynamikken.

**Basisgrupper:** Basisgruppene er hovudarenaen for det langsgåande temaet profesjonell ernæring. Gruppene skal ha ei stabil samansetjing over lengre tid, og bestå av 6-12 ernæringsstudentar knytte til ein eller to mentorar. Eitt av hovudmåla med desse gruppene er å gi studentane personleg oppfølging. Gruppene møtest fleire gonger i løpet av studieåret. Mentoren for gruppa er klinisk ernæringsfysiolog, eller utdanna innan ernæring, og rettleier studentane gjennom den profesjonelle utviklinga deira. Han/ho er knytt til gruppa over ein lengre tidsperiode – minimum eitt år, og helst gjennom heile bachelorstudiet. Mentor har også ansvaret for å ha individuelle samtalar med basisgruppedlemene minst ein gong i året.

**E-læring:** UiT nyttar læringsplattforma Fronter til ulike føremål, mellom anna informasjon til studentar, innleveringar og delemneprøver. Universitetsbiblioteket tilbyr ulike nettbaserte informasjons-/kunnskaps-/læringskjelder (<http://www.uit.no/ub>). Andre former for e-læring som interaktive nettbaserte førelesingar, nettbasert case-undervisning og virtuelle pasientar kan bli tekne i bruk der ein finn det pedagogisk tenleg. UiT samarbeider også med andre universitet om felles e-læringsressursar, som vil bli brukte der det høver.

**Datalab:** Opplæring i bruk av ulike dataprogram som er nyttige for studium og arbeid er del av undervisninga. Det omfattar mellom anna statistiske program og program for kostregistrering og utrekning.

**Utplassering/hospitering/praksis:** Alt i første semester er det eit par dagar utplassering, men hovuddelen av utplasseringa går føre seg i hospiteringa i siste semester (2 veker). Det blir lagt vekt på at studentane skal ha kontakt med

	<p>pasientar tidleg, og CBL er eit anna døme på korleis ein vil byggja bruer mellom teoretisk kunnskap og klinisk praksis. I tillegg til å gi innsyn i klinisk praksis skal utplasseringa også gi øving i pasientkommunikasjon. Tema frå utplasseringa vil gå igjen i profesjonell ernæring, slik at ein kan ta opp og fordjupa seg i problemstillingar ein kjem opp i i praksis, både etiske, kommunikative og kliniske problemstillingar. Under utplassering skal studentane ha rettleiing, vanlegvis av ein klinisk ernæringsfysiolog, men også andre som jobbar innan ernæring og førebygging vil vera rettleiarar. Det er laga eigne mål for kompetanseutbytte for hospiteringsperioden.</p> <p><b>Ferdighetstrening:</b> Dette kan vera teknisk, diagnostisk eller kommunikasjonstrening, og skje på modellar, dokker, medstudentar (der dette er naturleg), simulerte pasientar/skodespelarar og standardiserte pasientar.</p> <p><b>Laboratoriearbeid:</b> Målet er at sentrale prinsipp innanfor til dømes biokjemi og fysiologi skal illustrerast gjennom ulike typar laboratoriearbeid og forsøk. Ein trenar på medvit om tryggleik, kvalitetskontroll og nøyaktigheit, og studentane skal bli meir og meir sjølvstendige utover i studiet. Det blir lagt vekt på kor viktig det er med dokumentasjon gjennom skrivning av journalar som må godkjennast.</p> <p><b>Kjøkenlaboratorium:</b> Det vil bli noko praktisk matlaging, mellom anna for å demonstrera ein del matkjemi, læra om spesialkostar, og for å for å synleggjera korleis matlaginga kan måtta endrast for å oppnå behandlingsmål.</p> <p><b>Gjennomgang av anatomiske og patologiske preparat:</b> Jobbing i mindre grupper saman med patolog for gjennomgang av anatomiske og patologiske makropreparat.</p> <p><b>Nutrition Day:</b> Nutrition Day er ei årleg måling av prevalens av feilernæring i sjukehus og sjukeheimar. Studentane på andre året vil få oppgåver i samband med organiseringa av undersøkinga og innsamlinga av data.</p> <p><b>Skriftlege oppgåver:</b> Fleire stader i studiet vil det vera innlevering av større eller mindre skriftlege oppgåver. Dette vil variera i omfang og form, frå refleksjonsnotat etter praksisopphald første semester, næringsutrekning av ulike kostar fleire stader i studiet, til bacheloroppgåva på 10 studiepoeng i siste semester. Bacheloroppgåva vil i dei fleste tilfella vera ei litteraturoppgåve.</p> <p><b>Munnlege presentasjonar:</b> Kommunikasjonsferdigheiter er viktige, og øving i å gi tilbakemeldingar vil vera viktig, særleg som ein del av PROFERN. I samband med caseoppgåvene vil det bli munnlege framlegg frå studentane, og t.d. oppgåver med kritisk lesing skal gjerne oppsummerast/diskuterast munnleg. Bacheloroppgåva skal presenterast kort munnleg som del av eksamen.</p>
Eksamen og vurdering	<p><b>Skriftleg eksamen.</b> Den skriftlege emneeksamenen reflekterer læringsutbyttet studentene skal ha oppnådd i det aktuelle emnet. Vurderingsuttrykket er til vanleg skalaen A-F, der F er stryk, men på felleskurset for Helsefakultetet (HEL-0700) og hospiteringa (HEL-3700) er vurderinga bestått/ikkje bestått. På nokre av eksamenane vil alle/nokre hjelpemiddel vera tillatne, på andre ingen hjelpemidlar. For HEL-0700 er eksamenen ein heimeeksamen. På FIL-0700 er eksamen ein kombinasjon av heimeeksamen og munnleg prøve. På ERN-2007 er eksamen eit</p>



	<p>refleksjonsnotat. Der det ligg til rette for det vil eksamenane kunne avviklast digitalt, og det opnar for varierte oppgaveformer.</p> <p><b>Bacheloreksamen.</b> I tillegg til å levera inn oppgåva, skal studentane kort leggja fram resultatata på eit felles eksamensseminar (ti minutt) med påfølgjande diskusjon (maks ti minutt). Oppgåva tel 2/3 av samla karakter, den munnlege presentasjonen 1/3.</p> <p>For studentar med legegodkjent sjukefråvær vil det verta arrangert kontinuasjonseksamen neste semester. (Bortsett frå FIL-0700 som har eksamen kvart semester).</p>
Undervisnings- og eksamensspråk	Undervisningsspråket er til vanleg norsk, men vil i nokre tilfelle vera svensk, dansk eller engelsk. Fjerde semester er utvekslingssemester, og undervisninga vil gå på engelsk. Ein stor del av lærebøkene og anna undervisningsmaterieill vil vera på engelsk.
Internasjonalisering og utveksling	<p>Fjerde semester er utvekslingssemester. Då kan både våre studentar reisa ut, og det kan koma utanlandske studentar til UiT. Undervisninga vil gå føre seg på engelsk.</p> <p>UiT/Helsefak har avtale med fleire institusjonar som tilbyr studium i ernæring. Særskilde avtalar for ernæring vil koma på plass i løpet av første studieåret.</p> <p>Med ujamne mellomrom vil det vera internasjonale gjesteførelesarar på besøk.</p>
Praksis	<p>Studentane skal ut i praksis nokre dagar i kvart semester. Hovuddelen av praksisen blir to vekers hospitering i starten av siste semester (ERN-2007 Hospitering). Studiet er lagt opp med case-basert undervisning, slik at kontakt med kvardagen i praksis skal vera sikra. Det langsgåande temaet PROFERN skal utdjupa relevante praktiske og etiske problemstillingar. Detaljane kring praksis og utplasseringar finst i ein eigen praksisplan. Praksisstadane skal ha praksisavtale med det helsevitskapelege fakultetet.</p> <p>I tillegg til praksis utanfor UiT vil det bli praktiske oppgåver på lab, kjøkkenlab og ferdigheitssenter.</p>
Administrativt ansvarlig og faglig ansvarlig	Institutt for samfunnsmedisin ved det helsevitskapelege fakultetet er administrativt ansvarleg for studieprogrammet. Den faglege leiinga ligg hos programstyret med representantar frå fleire institutt.
Kvalitetssikring	<p>Studieprogrammet skal kvalitetssikrast ved hjelp av ulike former for evaluering. Både sluttevaluering, til dømes med bruk av Questback, og undervegsevaluering ved hjelp av studiediskusjonar. Programstyret, med studentrepresentantar, vil ha ei særleg viktig rolle i å vurdere heilskapen i programmet, og korleis emne frå ulike institutt blir integrerte. Det skal lagast årlege evalueringsrapportar. Evalueringsarbeidet skal følgja retningslinene i <a href="#">«Kvalitetssystem for utdanningsvirksomheten ved UiT»</a>.</p> <p>Ein representant for studieprogrammet er med i Universitets- og høgskolerådet sitt profesjonsråd for ernæring. Der er dei fleste institusjonane som tilbyr</p>

	<p>gradsutdanning innan ernæring i Noreg representerte, og diskuterer felles utfordringar, og moglege felles standardar. I tillegg samarbeider vi med universiteta i Bergen og Oslo som også tilbyr utdanning innan klinisk ernæring med tanke på harmonisering, utvikling og kvalitetssikring av studia.</p>
<p>Andre bestemmelser</p>	<p><i>Skikkavurdering</i></p> <p>Etter Lov om universitet og høgscoler § 4-10 skal studium som utdannar til yrke der yrkesutøveren kjem i nær kontakt med andre menneske, slik som lærarutdanningar og helse- og sosialfagutdanningar, deriblant studiet i klinisk ernæring vurderer om studentane er skikka.</p> <p>Den løpande skikkavurderinga skal gå føre seg gjennom heile studietida. Grunnen er mellom anna omsynet til pasientar og klientar som studentane er i kontakt med. Om den einskilde studenten er skikka skal vurderast løpande både i den teoretiske og den praktiske delen av studiet.</p> <p>Det viktigaste verkemidlet for å vurderer ein student som uskikka ligg som før i sjølve studiet, ved at studenten får ikkje bestått til eksamen eller ikkje godkjent praksis. Det å vurderer ein student som ikkje skikka etter ei særskilt sikkerhetsvurdering skal berre nyttast i heilt spesielle tilfelle der andre verkemiddel ikkje har ført fram.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning</a></li> <li>• Prosedyre for <a href="#">skikkethetsvurderinger</a></li> </ul>